

# DET NORSKE TEATRET

PROGRAM VÅREN 2013




# KJÆRE PUBLIKUM

I 1913 opna Det Norske Teatret dørene for første gong. Det var eit teater som tok sikte på å bli ein arena for det nye Noreg som skulle ta form etter unionsoppløysinga. Med Hulda og Arne Garborg i spissen blei teatret ei viktig stemme i samfunnsdebatten og i forståinga av norsk språk og kultur. Dei som snakka annleis enn dei gjorde på Stortinget og Nationalteatret skulle også bli høyrde og sette. Og sette og høyrde har vi blitt. På 100 år har Det Norske Teatret vakse seg stort og sterkt, kanskje til og med størst og sterkast. Men same kor store vi blir vil vi framleis vere minoritetane sin arena. Ein arena for det nye. For dei som snakkar annleis eller ser annleis ut. Det er vår oppgåve. Vi vil framleis vere med å forme det nye Noreg.

Det Norske Teatret har gjennom desse hundre åra stått for nytenking, kunstnarleg mot og mangfald. Desse ideala held vi høgt, dei vil prege jubileumsåret og enda viktigare; dei vil prege også dei neste hundre åra. Det er eit svært stolt teater som gler seg til å opne dørene for å markere 100 år. Ei stolt historie skal feirast gjennom heile året med ei rekkje arrangement, i tillegg til eit variert repertoar med heile 30 ulike titlar å velje mellom. Vi feirar i alle format. Det er viktig med høg aktivitet på eit teater. Det skapar puls, og det skapar liv. I 2013 vil Det Norske Teatret leve enda meir.

Velkommen til fest!

Erik Ulfsby, teatersjef



## UTGJEVAR

Det Norske Teatret, Erik Ulfsby

## REDAKSJON

Ida Michaelsen, Åsne Dahl Torp, Tone T. Lindquist, Unn C. Fyllingsnes, Kirsti Ervik og Monica Hammervold

Med atterhald om endringar.

FOTO: Siren Høyland, Marcel Leliënhof, Dag Jenssen, L P Lorentzen, Eivor Eriksen, Gisle Bjørneby, Leif Gabrielsen og Erik Aavatsmark

DESIGN: Making Waves



AV OG MED SVEIN TINDBERG. OMSETJING AV UTVALDE TEKSTAR: OLA E. BØ

# ABRAHAM'S BARN

**Heddaprisen for Årets  
framsyning 2012.  
Sett av 53.000!**

Etter ein sigersturné landet rundt, utelukkande gode kritikkar i pressa og Heddaprisen for Årets framsyning 2012, kjem Svein Tindberg tilbake til Det Norske Teatret med *Abrahams barn*. Her gjer han over tusen år gamle tekstar meir levande og aktuelle enn nokon gong.

«En drivende god forteller» VG

REGI: KJETIL BANG-HANSEN

SPELAR I JANUAR OG FRÅ  
SEPTEMBER PÅ HOVUDSCENEN

BILLETTPRIS

Ord. 350 / ungdomskort 85 / rabattar

AV DAVID HARROWER  
OMSETJING: MARGUNN VIKINGSTAD

# BLACKBIRD

**Tankevekkjande og sterkt  
om ulovleg kjærleik**

Tolv år gamle Una hadde eit forhold til førti år gamle Ray. Femten år etter søker ho han opp på arbeidsplassen. Den kritkarroste framsyninga om ulovleg kjærleik skildrar eit møte der sanninga viser seg å ha mange lag. Med sterkt og overbevisande spel gjer Vidar Sandem og Marie Blokhus *Blackbird* til ei skakande teateroppleving.

REGI: KIM SØRENSEN

I ROLLENE: VIDAR SANDEM  
OG MARIE BLOKHUS

FRÅ 10. JANUAR PÅ SCENE 3  
I SAMARBEID MED RIKSTEATRET

BILLETTPRIS

Ord. 200 / ungdomskort 85 / rabattar

«Tankevekkende teater, gnistrende  
samspill» VÅRT LAND

«Mesterlig teaterkunst» DAGSAVISEN



# BIBELEN

TEKSTAR FRÅ BIBELEN OG AV MARIA TRYTI VENNERØD, TERJE NORDBY,  
SARA STRIDSBERG, CECILIE LØVEID, EIRIK FAUSKE, ARI BEHN,  
JOSÉ SARAMAGO, CARL MORTEN AMUNDSEN OG STEIN WINGE.

OMSETJING: MARIA TRYTI VENNERØD OG OLA E. BØ

REGI: STEIN WINGE  
MED: BJØRN SUNDQUIST,  
MARIUS NÆSS, JAN GRØNLI M. FL.

URPREMIERE 1. FEBRUAR  
PÅ HOVUDSCENEN

**BILLETTPRIS**

Ord. 725 inkl. pausemat og drikke  
Per del: Ord. 390 / ungdomskort 85 / rabattar



«Eg kan elske bøkene utan  
å tru at alt som står der er  
sant» REGISSØR STEIN WINGE

«Eg kan elske bøkene utan å tru at alt som står der er sant» seier regissør Stein Winge om si største oppgåve nokosinne. *Bibelen*, den vestlege verdas viktigaste kultur- og tekstreferanse, er storsatsinga i jubileumsåret 2013. På rollelista står Bjørn Sundquist som Gud. Seks forfattarar har tatt for seg ulike historier og gitt dei si personlege tolking. Vi følgjer kjende og ukjende forteljingar som alle seier noko om det å vere menneske. Det vi kjenner frå før vil bli sett frå nye synsvinklar.

Del 1 *Ørkenvandringar* er eit utval forteljingar frå Det gamle testamentet. Menneska er på vandring, gjennom tidene, på jakt etter eit betre liv. Gud er til stades, men han er ikkje lett å forstå.

I del 2 *Jesus frå Nasaret* følgjer vi Jesu liv fram til korsfestinga. Jesus tvilar og han trur. Til slutt går han den tunge vegen inn i døden.

Både *Ørkenvandringar* og *Jesus frå Nasaret* vil vere fullverdige framsyningar som vil gi ei heilskapeleg teateroppleving. Ein kan velje å sjå dei kvar for seg, og ikkje nødvendigvis kronologisk. Det er òg mogleg å sjå begge delane i eitt med matserving undervegs.

Stille

AV LARS VON TRIER. OMSETJING: MARGUNN VIKINGSTAD

# ANTICHRIST

## Bildesterkt og poetisk om tapet av eit barn

Fjorårets Heddaprisvinnar Ane Dahl Torp er aktuell i Lars von Triers provoserande og omdiskuterte *Antichrist*. Vi møter eit par som bearbeider ei botnlaus sorg etter tapet av eit barn. Regissør Peer Perez Øian legg seg nærare den opphavlege dreieboka og lagar ei visuell framsyning om det uthaldelege. Det opnar med barnet som døyr. Fordreidde av smerte og skuldkjensle drar foreldra til hytta Eden for å koma vidare i livet og for å redde forholdet. Der går det frå vondt til verre.

REGI: PEER PEREZ ØIAN  
I HOVUDROLLENE: ANE DAHL TORP  
OG SIGURD MYHRE

NOREGSPREMIERE 25. JANUAR  
PÅ SCENE 2

BILLETTPRIS  
Ord. 310 / ungdomskort 85 / rabattar


# STORT OG STYGT

Skråblikk på  
småbarnslivet

AV OLAUG NILSSEN

Olaug Nilssen har tidlegare hatt stor suksess på Det Norske Teatret. No er det tredje gongen ho er aktuell med eit samarbeid med Marit Moum Aune – eit samarbeid som har resultert i friske og fornøyelege oppsetjingar på Scene 2. *Få meg på for faen* tok for seg oppveksten i distrikta. *Vi har så korte armar* skildra bygdestudentens møte med storbyen. Olaug Nilssen skriv seg no inn i si eiga tid og i *Stort og stygt* handlar det om småbarnslivets gleder og bekymringar. Framsyninga er eit bestillingsverk frå Det Norske Teatret i samband med 100-årsjubileet.

Det handlar om to nabopar. Det eine paret har eit barn og lever eit hektisk kvardagsliv. Det andre paret ventar barn og ser på foreldrelivet frå eit teoretisk standpunkt. Skilnadene mellom teori og praksis er grobotn for absurde, komiske og groteske situasjonar. Helsepersonell, slekt og venner blandar seg òg inn i korleis dei to nabopara lever og bør leve. Stykket har herlege spark til alle velmeinte råd, og all litteratur som skal fortelje oss korleis barn skal bli møtte av foreldra sine i alle situasjonar.



REGI: MARIT MOUM AUNE  
MED: ELLEN DORRIT PETERSEN,  
OLA G. FURUSETH, NIKLAS GUNDERSEN,  
CHARLOTTE FROGNER OG  
PÅL CHRISTIAN EGGEN

URPREMIERE 1. MARS PÅ SCENE 2

BILLETTPRIS

Ord. 310 / ungdomskort 85 / rabattar

AV FRODE GRYTTE. DRAMATISERT AV LASSE KOLSRUD

# BIKUBESONG

Sett av over 38 000!

Endeleg blir det eit etterlengta gjensyn med karakterane frå Murboligen i Frode Gryttens *Bikubesong*! I jubileumsåret 2013 har Det Norske Teatret i samarbeid med Riksteatret bestemt seg for å pusse støvet av ein av dei største suksessane nokosinne i Scene 2s historie. Ti år etter urpremierer, 38 000 billetter, fleire prisar og utallege oppmodingar seinare er teatret stolt over å kunne ta opp igjen ein av favorittane frå den nære teaterhistoria.

«**Summer av humor og varme**» AFTENPOSTEN

«**Fabelaktig *Bikubesong***» DAGBLADET

REGI: LASSE KOLSRUD  
I HOVDROLLA: HANS RØNNINGEN

NYPREMIERE 12. APRIL PÅ SCENE 2  
I SAMARBEID MED RIKSTEATRET

BILLETTPRIS  
Ord. 350 / ungdomskort 85 / rabattar

# FUCK MY LIFE

AV PER OLAV SØRENSEN OG POL HEYVAERT

Regissør Per Olav Sørensen har samla ei gruppe tenåringar frå Oslo til å fortelje sine historier frå scenen. Gjennom intervju og innsamla materiale får vi eit gripande, humoristisk og brutalt innblikk i dei unges liv. Framsyninga *Fuck my life* er eit viktig, godt og sterkt bidrag til å nyansere bildet av dagens ungdommar.

«Etterpå har man en følelse av å ha blitt stilt overfor et skimrende spekter av genuin og reflektert norsk ungdom, med forskjellige erfaringer og perspektiver» DAGBLADET

# OVER OPEN AVGRUNN

## Korte dramatiske tekstar av Tarjei Vesaas

Diktaren Tarjei Vesaas hadde ein ulukkeleg kjærleik til teatret. Heilt sidan tjuetalet freista han å skrive for scenen, og han gjekk i teatret når han hadde ein sjanse. Men kjærleiken blei visst aldri gjengjeldt. Han såg det i alle fall slik sjølv. Dramatikken hans feila på scenen. Men skuldast det Vesaas eller teatret? Det skal Det Norske Teatret gi eit svar på når vi løfter fram dramatikaren Tarjei Vesaas i jubileumsåret vårt.

# EG/IK/I/ICH

AV OSCAR VAN WOENSEL  
OMSETJING: MAREN E. BJØRSETH

## Om å vere ung i dagens Europa

Dersom du har suksess, er flott å sjå på og intelligent – kvifor grin du deg i søvn? Med utgangspunkt i den gamle, greske myten om Narcissus og Echo, han som vart forelska i sitt eige spegelbilde og ho som vart dømd til berre å kunne herme, har den nederlandske dramatikaren Oscar van Woensel skrive eit stykke som rett og slett heiter *Eg*. Ungdommar frå Oslo og Amsterdam har undervegs i prosessen kome med innspel og synspunkt på korleis det er å vere ung i Europa i dag.

Ein samproduksjon mellom Toneelmakerij, Amsterdam og Det Norske Teatret. Produksjonen er ein del av Young Europe, eit initiativ frå ETC.

REGI: PER OLAV SØRENSEN

EKSTRAFRAMSYNINGAR 30. OG 31. JANUAR OG 8, 9. OG 13. FEBRUAR PÅ SCENE 3

BILLETTPRIS

Ord. 200 / ungdomskort 85 / rabattar

REGI: UWE CRAMER  
MED: MARIE BLOKHUS,  
ANE DAHL TORP M. FL.

URPREMIERE 14. MARS PÅ SCENE 3

BILLETTPRIS

Ord. 200 / ungdomskort 85 / rabattar

REGI: JONAS CORELL PETERSEN  
MED: KEJA KWESTRO, ODDGEIR THUNE,  
CHIEM VREEKEN

URPREMIERE 23. FEBRUAR PÅ SCENE 3

BILLETTPRIS

Ord. 200 / ungdomskort 85 / rabattar

# FOSSEGRIMEN

AV SIGURD ELDEGARD. MUSIKK: MAGNUS STINNERBOM

I SAMARBEID MED FRIKAR DANCE COMPANY

## Eit storslått akrobatisk og musikalsk folkeeventyr

Dansarar frå FRIKAR, folkemusikarar og teatrets skodespelarar vil gjere *Fossegrimen* til eit storslått, visuelt og akrobatisk folkeeventyr for heile familien. Vi følgjer felespelaren som i møte med det overnaturlige vesenet *Fossegrimen* blir ein meisterspelemann. *Fossegrimen* spelar i følgje folketrua «naturens eigen klang», men å gå i samband med desse kreftene har sine kostnader. I jubileumsåret blir det ei folkemusikalsk framsyning sett i scene av Leif Stinnerbom. Han er kjend frå sitt arbeid ved Västanå Teater i Sverige, og har arbeidd mykje med folkemusikk og folkelege danseformer i teateruttrykket sitt.



Det Norske Teatret samarbeider med dansegruppa FRIKAR for å gi fart og akrobatikk til *Fossegrimen*. Hallingdansaren Hallgrim Hansegård er koreograf for framsyninga og har med seg nokre av sine beste dansarar til teatret. Dansekompaniet FRIKAR er ein møtestad for dei beste profesjonelle frilansarane innan folkedans og samtidsdans i Noreg. Gruppa blei etablert i 2006 under leiing av Hallgrim Hansegård. Dei blandar samtidsdans, lausdans, breaking, walledance og capoeira i sine framsyningar og slo for alvor gjennom da dei saman med Alexander Rybak var med på å vinne Melodi Grand Prix i Moskva. I haust synte NRK ein dokumentar om Hallgrim Hansegårds møte med kung fu-munkar frå Wudang-fjellene Kina for å skape ei sjangerkryssande framsyning.

**REGI: LEIF STINNERBOM**  
**KOREOGRAFI: HALLGRIM HANSEGÅRD**  
**MED: HEIDI RUUD ELLINGSEN,**  
**PAUL-OTTAR HAGA OG FRIKAR M. FL.**

**PREMIERE 8. MARS PÅ HOVUDSCENEN**

**BILLETTPRIS**

Ord. 250 / ungdomskort 85 / grupperabatt  
Passar frå 6 år

# EVITA

AV TIM RICE OG ANDREW LLOYD WEBBER  
OMSETJING: OLA E. BØ

Musikalen om livet til Eva Perón, fattigjenta frå småbyslummen som vart Argentinas førstedame, var haustens store satsing på Hovudscenen. I *Evita* finn ein nokre av dei vakraste songane i musikalhistoria, og Heidi Gjermundsen Broch i spissen for eit solid og dyktig ensemble trekte over 53 000 publikummarar til teatret. Til våren blir det nye sjansar til å la seg fascinere av myten om *Evita* og glamouren på det ein kan kalle maktas catwalk.

«**Stjerne**kvalitet» DAGBLADET

«**Hun skinner og tar publikum med storm**» KLASSEKAMPEN

REGI: SVEIN STURLA HUNGNES  
I HOVUDROLLENE: HEIDI GJERMUNDSEN  
BROCH, JON BLEIKLIE DEVIK,  
FRANK KJOSÅS

EKSTRAFRAMSYNINGAR FRÅ MAI  
PÅ HOVUDSCENEN

BILLETTPRIS

Ord. 515 / ungdomskort 85 / rabattar

# KJÆRE LANDSMENN!

AV HERBORG KRÅKEVIK M.FL.

## Komiprisen for Beste sceneframsyning og Beste nummer 2012

Herborg Kråkevik held fram med å sjarmere og kommentere oss nordmenn på Scene 2 med si humoristiske kjærleikserklæring til fedrelandet. Med song, humor, skarrande R-ar og mykje varme formidlar ho sitt skråblikk på den norske folkesjela, og har på nytt kapra hjarta våre med kabareten *Kjære landsmenn!*

«Annerledes og underholdende, vakkert og mer enn litt eksentrisk» AFTENPOSTEN

«Forfriskende» DAGBLADET

REGI: ERIK ULFSBY

EKSTRAFRAMSYNINGAR

13. OG 20. MARS

20, 22, 25. OG 26. APRIL

PÅ SCENE 2

BILLETTPRIS

Ord. 310 / ungdomskort 85 / rabattar

# HIMMELRIK

GJESTESPEL MED BEAIVVÁŠ SÁMI NAŠUNALÁTEÁHTER

Ta den verste hyttefesten din og gang han med 10! Velkommen til *Himmelrik*; ei hytte på vidda. Tre par. Badestamp. Og altfor mykje sprit... Var det eigentleg ein god idé med re-union i år? Møt skodespelarane på Beaivváš i ein crazy og kjapp komedie - fortald på ein måte du aldri har opplevd før.

BLIR SPELT

4. OG 5. APRIL

PÅ SCENE 3

BILLETTPRIS

Ord. 220 / ungdomskort 85 / rabattar

# 1537 DANSKETID

GJESTESPEL MED STATSTEATRET

Bli med på eit politisk, kulturelt og religiøst jordskjelv når StatsTeatret tar for seg reformasjonen og tida under dansk styre i sin ferskaste historie-tid *1537 Dansketid*. Gjennom 1066 – *Slaget ved Stamford Bridge* og 1349 *Pesten*, har dei vist at det er mogleg å drive uventa og fysisk historieformidling i veksling mellom djupt alvor og vill råskap. Humor blir det òg når dei inviterer til *1537 Dansketid* der reformasjonen kastar katolisismen ut av Kongeriket. Syndsforlating kan ikkje lenger kjøpast og Noreg er under sterk påverknad av ytre – og framande – krefter.

REGI: YNGVE SUNDVOR  
MED: GARD B. EIDSVOLD,  
PER KJERSTAD, CATO SKIMTEN  
STORENGEN OG KIM SØRENSEN

BLIR SPELT 3, 4, 7. OG 8. MAI  
PÅ SCENE 3

BILLETTPRIS

Ord. 250 / ungdomskort 85 / rabattar

# DET NORSKE TEATRET

100  
AR

## FØLG OSS

 På facebook.com/detnorsketeatret

 På Twitter: @detnorsketeatre

 På blogg: detnorsketeatret.no

[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)

**DET NORSKE TEATRET**  
Kristian IVs g 8, 0164 Oslo

**BILLETTLUKA**  
+47 22 42 43 44

**SENTRALBORD**  
+47 22 47 38 00